

Saksbehandlar: Rolf Årdal, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 16/5901-2

Innspel til nasjonal kompetansepolitisk strategi

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kunnskapsdepartementet bør initiere ei sterkare samordning og kopling mellom utvikling av nasjonal kompetansepolitisk strategi, og arbeidet med utvikling av regionale kompetansestrategiar som t.d.:
 - a. representantar for pilotprosjekta deltek i nasjonale prosjekt.
 - b. gjennomgang av dagens organisering av nasjonale og regionale kompetansenettverk med mål om auka kvalitet og effektiv drift. Pilotfylka sitt innspel for utvikling av regionalt nettverk for analyse og statistikk er eitt døme på dette.
2. Som ledd i arbeidet med nasjonal kompetansestrategi bør det særskilt leggjast vekt på:
 - a. utviklingsområde som kan realisere regionalt verdiskapingspotensiale og regionale utdanningsstrategiar, som t.d. nasjonal strategi for karriererettleiing.
 - b. digitalisering som grunnlag for pedagogisk utvikling og effektiv kunnskapsformidling for ulike målgrupper.
 - c. strategiar for korleis næringslivet kan få auke tilgang til den kunnskapsutviklinga som skjer i forskings- og utdanningsmiljøa.
3. Nasjonale kompetansestrategiar som aukar krav til regional ressursbruk må følgjast opp med auka statleg finansieringsramme.

Vedlegg:

1. Innspill til kompetansepolitisk strategi.
2. Betre balanse mellom tilbud og etterspørsel etter kompetent arbeidskraft i regionale arbeidsmarkeder.
3. Innspel frå pilotfylka.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Innan 30. september 2016 ønskjer Kunnskapsdepartementet skriftlege innspel frå fylkeskommunane om korleis regjering og statlege aktørar kan legge betre til rette for utvikling av ein meir samordna kompetansepolitikk regionalt.

Arbeidet med utvikling av nasjonale- og regionale kompetansestrategiar bør ha ei sterkare samordning. Kunnskapsdepartementet sine fire prioriterte delmål for den nasjonale kompetansepolitiske strategien legg stor vekt på utvikling av utdanningsstrategiar. M.a. er etter- og vidareutdanning og vaksenopplæring prioriterte nasjonale satsingar, og dette er også viktige område i den regionale utdanningsstrategien. I arbeidet med langsiktige utdanningsstrategiar bør digitalisering som grunnlag for pedagogisk og effektiv kunnskapsformidling særskilt vektleggast.

Så langt er det påpeika fleire regionale kompetanserelaterte utfordringar som må prioriterast i vidare arbeid. Auka kunnskap om verdiskapingspotensialet i ulike bransjar, kompetansebehov i

arbeidsmarknaden, og utdannings- og rekrutteringsstrategiar er så langt vurdert som sentrale områder i det vidare arbeidet.

2. Bakgrunn for saka

I juni 2015 vedtok regjeringa nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging innan regional kompetansepolitikk, jf. vedlegg 2:

«Fylkeskommunene legger til rette for bedre tilgang på kompetent og relevant arbeidskraft som møter det regionale arbeidsmarkedets behov. Planleggingen skjer i partnerskap med utdannings-, arbeidsmarkeds- og næringsaktørene, og på tvers av sektorer og forvaltningsnivået.»

Vidare har regjeringa initiert eit arbeid for å utvikle ein nasjonal kompetansepolitisk strategi som skal leggest fram innan utgangen av 2016. I arbeidet med strategien vert det vektlagt å trekke fylkeskommunane og regionale aktørar inn i det nasjonale strategiarbeidet.

I november 2015 vart det oppretta eit pilotprosjekt der 5 fylke fekk i oppdrag å kartlegge behov for kompetanse i eigen region. Sogn og Fjordane fylkeskommune er eitt av pilotfylka saman med Hordaland, Sør-Trøndelag, Troms og Østfold. Kvart fylke er tildelt 650.000 kroner, og Hordaland fylkeskommune har ei koordineringsrolle i arbeidet. Føremålet med pilotprosjektet er å styrke fylkeskommunen sitt grunnlag for betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetent arbeidskraft – både på kort og lang sikt.


I ein samla sluttrapport hausten 2016 skal fylkeskommunane gi ei vurdering av korleis ein har arbeidd i pilotprosjektet. Ein skal konkretisere kompetansebehova, vurdere nytten av ulike data-kjelder i analysane og gi tilråding om korleis fylkeskommunen kan arbeide systematisk med dette framover. Prosjektet vert vidareført fram til hausten 2017, og alle fylkeskommunane er no inviterte med. Sogn og Fjordane vil få 400.000 kroner i prosjektmidlar.

Nedanfor vert det gjort greie for status i arbeidet med regionale kompetansestrategiar, og forslag til innspel og problemstillingar i arbeidet med nasjonale kompetansepolitiske strategiar.

3. Status for arbeidet i pilotprosjektet

Dei 5 pilotfylka har ulike tilnærmingar i sitt arbeid. I pilotprosjektet i Sogn og Fjordane er det så langt gjennomført eit forstudie der Telemarksforsking har vurdert det kunnskapsgrunnlaget vi har m.o.t. prosjektet sitt formål og dei regionale analysane vi har tilgjengeleg i dag.

Telemarksforsking meiner hovudvekta i ein regional kompetansestrategi bør baserast på ønska og forventa arbeidsmarknad i fylket i fram mot 2030. For utvikling av regional kompetansestrategi føreslår Telemarksforsking 4 sentrale område for vidare kunnskapsutvikling:



3. Fylkesrådmannen si vurdering

Innspele og utfordringane som Telemarksforsking har spelt inn krev grundigare kartlegging og analysar, men peikar samtidig på nokre område som er viktige m.o.t. utvikling av ein regional kompetansestrategi.

Basert på dei 4 ovannemnde områda vil neste fase i forstudiet prioritere avgrensing og konkretisering av vidare arbeid med den regionale kompetansestrategien. Prioriteringane bør basere seg på dei viktigaste utfordringane for vår region og vere tilpassa dei ressursane vi har.

Døme - regionale kompetanserelaterte utfordringar

I Telemarksforsking sin forstudie vert det peika på at vi har mykje kunnskap i dag, men den er fragmentert i mange ulike utgreiingar. Det er behov for å samanstillе og «kalibrere» informasjonen slik at vi får fram eit heilskapsbilete.

Frå 2000 til 2014 auka talet på arbeidsplassar i Norge med 17,2 prosent. Sogn og Fjordane har i same periode hatt ein vekst på 3,7 prosent, jf. FT-sak 23/2016 (jf. Regional planstrategi 2016-2020). I regional analyse for Sogn og Fjordane som Telemarksforsking gjennomførte i 2015, var det utvikla ulike scenarior for arbeidsplassvekst i ulike bransjar fram mot 2030.

Det er behov for grundigare analysar av verdiskapingspotensialet. Næringar med grunnlag for nasjonal og internasjonal vekst bør prioriterast i dette arbeidet. M.a. har fylkeskommunen sett i gang to strategiske prosjekt innan hydrogen og treindustri, og erfaringane så langt syner at dette kan vere ein ny metode som kan bidra til å utvikle arbeidet med Verdiskapingsplanen.

Telemarksforsking peikar på at det er behov for å utvikle kunnskapsgrunnlag m.o.t. optimalisering av utdanning. Det er utfordrande å framskrive behov for arbeidskraft med ulike kategoriar høgare utdanning, ulike kategoriar fagarbeidarar, og sysselsettingsbehov under fagarbeidarnivå , og som så skal danne grunnlag for rekrutteringsarbeid og dimensjonering av utdanningstilbodet. Ei sterkare kopling mellom nasjonale og regionale analysemiljø kan bidra til å utvikle eit betre kunnskapsgrunnlag.

Ut frå Telemarksforsking sine berekningar vil omlag 1/3 av arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane vere ute av arbeidslivet innan 2030. Nær 80 % av desse har mindre enn 3 år med høgare utdanning. Denne prognosen er meir usikker, men indikerer likevel at arbeidet med å styrke fagutdanninga kan bli ein sentral del i arbeidet med regional kompetansestrategi.

Sogn og Fjordane har høg gjennomføringsgrad innan vidaregåande utdanning samanlikna med andre fylke. Dette er eit område der også vårt fylke må ha ambisjonar om å vidareutvikle strategiar for å auke kvaliteten og rekruttering i åra framover, spesielt innan fagutdanninga. I eit slikt perspektiv vil strategiar for grunnskuleutdanninga vere ein viktig premiss.

Det er viktig å kunne utvikle kunnskapen om kva delar av arbeidskraftbehovet vi utdannar i Sogn og Fjordane og kva rekrutteringsbehov vi har utafor eige fylke. Regionalisering av høgskuleutdanninga på Vestlandet aktualiserer kunnskapsbehovet på dette området.

Døme ovanfor understrekar behovet for kunnskapsutvikling, strategiar og tiltak på fleire områder innan ein regional kompetansestrategi.

Innspel til nasjonal kompetansepolitisk strategi

Innspelsdokumentet frå pilotfylka (jf. vedlegg 3) påpeikar viktige område for utvikling av nasjonal kompetansepolitisk strategi. Følgjande moment bør særskilt vektleggast:

A. Arbeidet med nasjonal kompetansestrategi vert organisert som eit prosjekt av Kunnskapsdepartementet i samarbeid med aktuelle kompetansepolitiske departement (KMD, NFD, ASD og JD). Dei 5 pilotfylka Østfold, Hordaland, Troms, Sør-Trøndelag og Sogn og Fjordane har ulike tilnærmingar til arbeidet med regionale kompetansestrategiar, og vil såleis samla kunne tilføre ein brei kunnskapsbase som grunnlag for det nasjonale arbeidet. Kopling av dei nasjonale prosessane mot dei regionale prosessane vil kunne styrke samordning og samarbeid mellom nasjonalt og regionalt nivå, jf. pkt. C nedanfor. T.d. bør det nasjonale prosjektet ha med representantar frå dei regionale pilotprosjekta.

B. Utvikling av regional kompetansestrategi utfordrar fylkeskommunen si rolle og ressursbruk, og må basere seg på ein langsikt utviklingsprosess. Regionale prioriteringar må basere seg på dei viktigaste utfordringane for vår region og vere tilpassa dei ressursane vi har. Auka krav til ressursbruk må følgjast opp med auka statleg finansiering. Samordning og vurdering av potensialet for meir effektiv drift og kvalitet i nasjonale og regionale nettverk bør vurderast.

C. Den nasjonale kompetansepolitiske strategien skal utformast ut frå fire prioriterte delmål eller spor (jf. vedlegg «Innspill til nasjonal kompetansepolitisk strategi» frå KD):

«1.Gode utdannings- og yrkesval for den enkelte og samfunnet. Spørsmålet om auka kvalitet og tilgang på karrierettleiing vil inngå her samt styrka strategisk kompetansekartlegging regionalt for betre tilgang til etterspurt kompetanse i regionale arbeidsmarknadar. Også betre datagrunnlag for annan informasjon om framtidig kompetansebehov er tema her.

2.Styrking av kompetansen til vaksne med svake grunnleggande ferdigheiter, låge norskkunnskapar og lite formell utdanning.

3.Læring i arbeidslivet og effektiv bruk av kompetanse. Her inngår arbeidslivet sitt behov for relevant kompetanse, mulegheiter for etter- og vidareutdanning og omstillingsdyktigheit.

4. Dokumentasjon og verdsetting av: a) kompetanse erverva i arbeidslivet, b) medbrakt kompetanse frå utlandet.»

Strategiutvikling innan dei 4 hovudområda nemnt ovanfor vil ha stor påverknad på utvikling av regionale utdanningsstrategiar. Som ledd i arbeidet med nasjonal kompetansestrategi bør Kunnskapsdepartementet legge særskilt vekt på utviklingsområde som realiserer regionale utdanningsstrategiar.

Jf. pkt. 1 sende Kunnskapsdepartementet «NOU 2016: 7 Norge i omstilling - karriereveiledning for individ og samfunn» på høyring den 22.07.2016, med høyringsfrist 7. november 2016. Det er viktig at fylkeskommunane sine innspel vert vektlagt i utforming av nasjonal strategi.

D. Utdanningsmarknaden er i endring, og gir heilt nye høve til kunnskapsformidling. Digitalisering er eit godt verktøy for utvikling av nye og alternative læringsmetodar, og gir auka tilgjengelegheit gjennom endra krav til fysisk nærvær. Dette vil t.d. gjere det lettare å tilpasse opplæringa innan etter- og vidareutdanning, redusere terskelen for folk som er i arbeid til å utvikle sin kompetanse, og bidra til å realisere ambisjonane om å legg til rette for livslang læring.

Digitale læringsplattformer og digitale læremiddel er ein integrert del av det pedagogiske tilbodet i grunnskule, vidaregåande skule, fagskulen, høgskular og universitet. T.d. har fylkeskommunane gjennom eit interfylkeskommunalt samarbeid etablert Nasjonal digital læringsarena (NDLA) som tilbyr fritt tilgjengelege opne digitale læringsressursar for elevar innan vidaregåande opplæring.

Med utgangspunkt i overordna målsettingar om å legge til rette for livslang læring for alle viktige målgrupper i samfunnet, er det viktige prinsipielle og overordna problemstillingar kring digital infrastruktur og kunnskap som bør utgreiast. Tema og problemstillingar knytt til eigarskap, utvikling og tilgang til kunnskap og kunnskapsformidling bør vere ein del av dette arbeidet.

Som eit ledd i arbeidet med nasjonale kompetansestrategiar bør potensialet m.o.t. digitalisering som grunnlag for pedagogisk utvikling og effektiv kunnskapsformidling for ulike målgrupper særskilt vektleggast. Korleis næringslivet kan få auke tilgang til den kunnskapsutviklinga som skjer i forskings- og utdanningsmiljøa bør også vere ein del av dette arbeidet.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at det vert ei sterkare kopling av dei nasjonale prosessane mot dei regionale prosessane for å kunne styrke samordning og samarbeid mellom nasjonalt og regionalt nivå.

Utvikling av nasjonale kompetansepolitiske strategiar bør legge særskilt vekt på område som kan bidra til å realisere regionale strategiar.

Strategiar og tiltak bør utviklast i samarbeid mellom statleg nivå, fylkeskommunar, utdanningsinstitusjonane og partane i arbeidslivet. Som skuleeigar og leiar av det regionale planarbeidet vil fylkeskommunen ha både ei planrolle og ei koordinerande rolle i den regionale prosessen. Prioriteringar må basere seg på dei viktigaste utfordringane for vår region og vere tilpassa dei ressursane vi har.